



# Kviteseid misjonskyrkje

## MISJONSKIRKEN NORGE

### Referat frå styremøte onsdag 3. mars 2021 kl 18.00

#### Til stades:

Ane S. Holm (2020-2021)

Åsbjørg Hægeland (2021-2022)

Sigrun Lønning Solvang (2021-2022)

*Styremøtet opna med at vi delte tankar og bibelord med kvarandre. Mellom anna desse:*

*Jesaja 43.19: Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje? Ja, eg legg veg i ørkenen, elvar i øydemarka.*

*Esekiel 37.14: Eg gjev dykk mi ånd så de blir levande.*

#### Sak 6/21: [Konstituering](#)

Styret har ingen endringar i forhold til i fjor. Vi held fram som før med Sigrun Lønning Solvang som leiar, Åsbjørg Hægeland som sekretær og kontaktperson for det økonomiske og Ane Spikkeland Holm som kontaktperson inn mot det felleskyrkjelege arbeidet i bygda.

#### Sak 7/21: [Godkjenning av referat frå styremøtet 13. januar 2021](#)

Referatet vart godkjent utan merkander.

#### Sak 8/21: [Evaluering av årsmøtet søndag 14. februar og tankar om vegen vidare](#)

Vi evaluerte årsmøtet, og snakka om vidare arbeid dette og komande halvår.

Vi ønsker å gjennomføre søndagstreff førstkomande søndag, sidan det no endeleg er lov å møtast inntil 100 personar i lokale der ein kan overhalde avstand og sitje på fast plass gjennom heile arrangementet. Hos oss klarer vi å få plass til 40 personar i salane oppe på denne måten. Strikkekafeen kan også starte opp att no.

Tone Fosse ynskjer seg ut av søndagstreff-komiteen. Styret tar derfor over ansvaret som søndagstreff-komiteen har hatt, men ønskjer gjerne at Anlaug Solvang held fram med å ha ansvar for matlistene.

Vårens program blir om lag som tidlegare planlagt, men med noko endringar i påskemøte-tidspunkt:

7. mars                      Søndagstreff UTAN MAT

21. mars	Sangkveld kl 19. (max 30 deltakarar inne i salane)
<b>5. april</b>	<b>2.påskedagsmøte kl 19 som bøn og vitnemøte. ENDRING! Nattverd.</b>
18. april	Sundagstreff
25. april	Sangkveld kl 19
30. mai	Sundagstreff / tur
13. juni	Avslutning?

### Idear for hausten:

«Kveldstankar og kveldsmat». Starte opp dette til hausten, 1 gang / mnd.

Kanskje dette kan vekse seg vidare til gruppesamlingar (ala modell av Tonje Haugeto Stang)

Vi ønsker å lage ein flott damekveld så snart det er lov etter korona

### Sak 9/21: Diverse økonomisaker

Kontingenten for menighetsrådgevarordninga er gått ned til 844 kr pr måned. Vi vedtok likevel å halde fram med å støtte denne ordninga med 1 000 kr pr måned som før.

Misjonskirken Ung har bedt om ei ekstra gåve til ungdomsarbeid i Nord-Noreg. Styret vedtok at vi gjev 5 000 kr til dette.

Misjonsprosjektet vårt *Jakobs hus* i Colombia treng ekstra støtte. Vi gav ei ekstra gåve til dei i fjor, men pga ei misforståing vart denne gåva mindre enn planlagt. Styret vedtok å gje ei ekstragåve til *Jakobs hus* på 30 000 kr no i vår. Denne kjem i tillegg til den innkomne kollekten i år.

### Sak 10/21: Eventuelt

Ane tek ansvaret for at alle leiarar i Speidern får lese *Retningslinjer for forebygging og håndtering av seksuelle krenkelsar*, samt å registere at dette er gjort.

Ane orienterte om prosessen vidare når det gjeld endringar i Fredagsklubb-konseptet frå hausten av.

Ane orienterte frå det tverrkyrkjelege arbeidet:

- Årets fellesmøter er avlyste pga korona
- Det blir *Bøn for Kvitesid* på Misjonshuset: 16/3 13/4 og 11/5

Kvinnernes Internasjonale Bønnedag er førstkomande fredag kl 18.

Neste styremøte: 28. april kl 18.00

*Åsbjørg Hægeland, sekretær*